



FANGST: Ei heipiplerke, her med fangst i nebbet. Alle nærbilete av fugl i denne reportasjen er tatt 16. juni 2021. FOTO: MARIUS SIMENSEN



SÅRBAR FUGL: Hettemåka har status som sårbar på raudlista. FOTO: MARIUS SIMENSEN

SPESIELT NABOSKAP: Her finst ikkje noko fugletårn, men dei som jobbar i flytårnet har iallfall godt utsyn over reservatet. FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD



Naturreservatet ved flyplassen på Vigra heldt på å forsvinne

Rørvikvatnet vart verna allereie i 1988 for å ta vare på våtmark og fugleliv. Oasen var nære ved å bli ein ørken av sitkaskog og fattigmyr. Så vart det sett i verk ein redningsaksjon.

Rett ved Ålesund lufthamn Vigra, ligg Rørvikvatnet naturreservat. Ikkje berre er reservatet nabo med Norges åttande største flyplass målt i passasjerar. Vatnet ligg også rett ved sjøen. Fiskebein og krabbeklør er som regel ikkje kvardagskost i eit myr-område, men her finn ein nettopp

slike teikn på at også sjøfugl brukar reservatet.

Var eit vrak av eit reservat
Prosjektleiar Ola Betten hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har med Sunnmørsposten vore på synfaring. Han har saman med sin kollega Solveig Silset Berg leia ein stor restaureringsjobb. Betydelege inngrep er gjort i eit naturreservat,

der inngrep i utgangspunktet er forbode.

Betten slår fast at det var avgjerande for fuglelivet å få rydda vekk den planta skogen inntil vatnet. Fuglane treng open plass, og dei framande treslaga konkurrerer ut naturleg vegetasjon.

No har dei i staden orkesterplass med like god utsikt til vatnet som dei oppe i flytårnet har til rullebanane.

– Vi er oppdaga, seier Betten. Fuglane er nemleg litt urolige. Dei har for lengst sett Statsforvaltarens representant, bikkja hans, og journalisten på slep.

– Sjå der er to brunnakker, seier Betten, låner vekk kikkerten og peikar på nokre brune ender i sivet.

Med ujamne mellomrom ser eller høyrer han nye fuglearter vi kan notere på lista. Noko Betten trur er ei songlerke, kvittrar i bakgrunnen.

På andre sida av vatnet ser vi hegre, hettemåke, ramn og fleire artar av ender.

Ved vatnet kan fuglane kvile, vaske seg, ruge eller rett og slett gjere som vengje-maskinane dei har som naboar: Mellomlande før ferda går vidare.

Reservatet er på ingen måte urørt natur.

Her er tatt ut sand, noko grunnegjarane framleis har høve til for eige bruk. Det er også grave opp torv. Det mest markante inngrepet, er den planta leskogen bestående av sitkagran, lerk og bergfuru – alle



VETERAN I JOBBEN: Ola Betten har jobba i det som før heitte Fylkesmannen sidan 1985, med unntak av to år i det som no heiter Miljødirektoratet. FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD

framande treslag i norsk natur.

Trea vart planta på 70-talet. – Tanken var nok å dyrke opp området og derfor beskytte det mot vær og vind, trur Betten.

Sitkagrana toler sjøsprøyt og røft vær.

Faktisk klarer den seg så godt at den evnar å spreie seg ukontrollert. Også uavhengig av leskogen, var Rørvikvatnet i ferd med å forsvinne grunna gjengroing.

I forvaltningsplanen for 2012, gjorde det som då heitte fylkesmannen det klart at noko måtte gjerast. – Vi hadde tru på at området kunne bergast.

Eit hovudmål vart definert som å «betre kvaliteten på våtmarksområdene med målsetting om å gjenska-

pe de kvalitetene som var til stede den gangen fuglelivet var rikere og mer eksklusivt enn i dag».

Om vatnet skulle gro heilt igjen, ville område verte det fagfolka kallar «fattig fastmattemyr». Statusen som naturreservat kunne vorte nær sagt meningslaus. Det same gjaldt den internasjonale Ramsar-statusen.

Nokon meinte at ein berre kunne skrape Rørvikvatnet som verneområde.

– Fleire fuglearter forsvann, og biologar tok til orde for at ein like gjerne kunne oppheve vernet.

Statsforvaltaren trudde likevel på områdets uforløyste naturverdiar, noko dei slo fast i ein forvaltningsplan allereie i 2012. ▶



FOTO: KARTUTKLIPP FRÅ MILJØDIREKTORATET

RØRVIKVATNET NATURRESERVAT

Dekker 388,5 dekar på Vigra i Giske kommune, rett sør for flyplassen.

Verna som naturreservat i 1988 for å ta vare på eit viktig våtmarksområde.

Vart internasjonalt verneområde gjennom Ramsarkonvensjonen, i 1996, som eitt av dei seks verneområda som

utgjør Giske våtmarkssystemet. Området er påverka av framande treslag, gjengroing av vatnet, sanduttak, torvuttak og køyring.

I 2012 avgjorde Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) at området måtte restaurerast og i 2019 var jobben gjort.

RAMSAR-OMRÅDE

• Det finst 63 Ramsar-område i Norge. Dette er verna våtmarksområde etter ein internasjonal avtale for bevaring og berekraftig bruk av våtmarker.

• Giske våtmarkssystem vart oppretta i 1988 og fekk Ramsar-status i 1996. Området er totalt på 5,5 kvadratkilometer.

• Giske våtmarkssystem er igjen delt inn i eitt område på øya Giske og fem på Vigra. Områda på Giske, Blindheimsvik, Roaldsand og Rørvikvåggen er fuglefredingsområde, medan områda i Synesvågen og Rørvikvatnet er naturreservat.

• Dyrelivsfredingsområdet på Giske er ikkje med, men dette er ei viktig buffersone for fuglelivet.

KJELDER: STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL OG WIKIPEDIA


DISSE FUGLEARTANE ER OBSERVERT I RESERVATET SIDAN 2019

I 2019 kartla firmaet iTrollheimen fuglelivet i Rørvikvatnet naturreservat. Dette er fugleartane som vart observert:

- grågås
- gravand
- brunnakke
- krickand
- stokkand
- havelle
- siland
- dvergdykkar
- gråhegre
- havørn
- vipe
- storspove
- raudstilk
- enkeltbekkasin
- hettemåke
- fiskemåke
- gråmåke
- ringdue
- gjøk
- dvergspett
- låvesvale
- taksvale
- heipiplerke
- gjerdesmett
- rødstrupe
- steinskjvett
- svarttrost
- måltrost
- raudvingetrost
- gransongar
- lauvsongar
- fuglekonge
- granmeis
- kråke
- star
- bokfink
- gråsisik

Under Sunnmørspostens arbeid med denne reportasjen vart det også fotografert tjeld og observert svartbak.

KJELDE: [HTTPS://FELLES.NATURBASE.NO/API/DOKUMENT/HENT/10147332.PDF](https://felles.naturbase.no/api/dokument/hent/10147332.pdf) (TROLLHEIMEN RAPPORT, 004-2019)



KAN FLYTE: Denne såkalla amfibiegravaren er velegna for å grave i spesielt blaute masser. Maskina flyt, dersom det skulle bli nødvendig. FOTO: STATSFORVALTAREN



FØR: Slik såg naturreservatet ut i 2015. FOTO: ØYVIND LEREN



NÆR BUSTADER: NVE har konkludert med at demningane ikkje utgjør nokon fare for dei som bur nær reservatet. FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD



GOD MIKS: Krabbeskall, klør og fiskebein kan ein finne ved Rørvikvatnet. FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD



SITKASPIRE: Frå 2009 og utover brukte Statsforvaltaren mellom ein halv og ein million kroner årleg på å fjerne framande artar frå verneområdet i Møre og Romsdal. Nå har dei auka på til 3-4 millionar kroner per år. FOTO: TARJEI ENGESET OFSTAD



ETTER: I 2019 hadde Rørvikvatnet vorte eit vatn igjen på ordentleg og ikkje berre i namnet. FOTO: ØYVIND LEREN

– Avinor trudde at meir fuglevil så nær opp mot flyplassen kunne kome til å forstyrre innflygingane. Det trudde ikkje Statsforvaltaren, og fuglane har heller ikkje vorte noko problem, seier Betten.

Skulle reddast med gravemaskin

Motorisert ferdsel er forbode i dei fleste naturreservat. Naturen skal få ha sine naturlege prosessar gåande, utan støy, eksos eller hjulspor i myra. I Rørvikvatnet gjekk ein heit motsett veg ved å gjennomføre omfattande inngrep.

Tunge spesialmaskinar vart køyrt inn, deriblant ei Waterking Amphibious frå entreprenøren Romarheim.

Vatnet er demma opp, har vorte 20 centimeter hogare, og er mudra. Ein av dei som gjorde arbeid var Giske Anlegg AS.

Dagleg leiar Øyvind Heggen fortel at dei jobba i området i siste tredel av 2019.

Dei justerte terrenget, sådde, grov grofetter, hogde, kvista og sette opp ein demning. Heggen er fornøgd med resultatet.

– Eg var der i vår og kika på dem-

ningen. Området ser fint ut, det har fått den naturlege tilgroinga.

Har brukt over fire millionar

Dammar for amfibium så vel som insekt er også laga til. Øyestikkaren er derfor på plass.

Betten seier seg også godt nøgd med hogsten. Samstundes slår han fast at området må følgjast opp. Etterveksten må takast. Små granspirer kikkar nemleg fram blant dei røslige stubbane.


Restaureringa tok fatt i 2018, etter fleire års planlegging.

Statsforvaltaren har brukt knapt fire millionar kroner på oppdrag til entreprenørar, og dessutan eit halvt årsverk i eigeninnsats.

Vatnet var ferdig «oppgradert» vinteren 2019, og etter kvart har fuglelivet teke seg opp. Det mest konkrete domet Betten fornøgd kan trekke fram, er at ein hettemåkekoloni etablerte seg i 2021.

Ved Rørvikvatnet har no 15–20 par tilhald. Mykje fugl er å sjå i reservatet og Betten er raskt oppe med kikkerten, titt og ofte.

– Der er to ramnar saman i treet der.



BRUKAR FASILITETANE: Her ser vi ein tjueld i fint driv over Rørvikvatnet. FOTO: MARIUS SIMENSEN

– Og der er ein svartbak.

Klossete havørnpar

Vi går litt vidare og høyrer gjøken gale «ko-ko». Ikkje lenge etterpå ser vi eit gult, lite, durande ambulanselylette.

Betten fortel om eit havørnpar. Paret hadde reir i det same treet ved Rørvikvatnet, så å seie på den same

greina, kvart år. Og kvar sesong mislukkast dei med å få fram avkom: reiret hang på skrå og datt rett og slett ned.

– Dei forstod ikkje sitt eget beste, fortel Betten.

Treet vart hogd utanom hekkese-songen.

– Dei fann seg ei ny stad på Vigra, og fekk fram ungar på første forsøk.

Ville ha fugletårn og tursti

I eit naturreservat gjeld som regel eit strengt regime. Det meste som kan forstyrre eller forandre naturen er som regel forbode, medan skånsamt friluftsliv oftast er tillate.

Enkelte ekstra sårbare stader kan verneregulane vere spesielt strenge, og Rørvikvatnet er eit slikt.

«I tida frå og med 1. april til og med 31. august er all ferdsel i reservatet forbode», heiter det i verneforskrifta.

Betten, som representant for forvaltninga, har unntak i embeds medfør når han tar med Sunnmørsposten på det som dermed er ei ganske eksklusiv synfaring.

Nokre stader vert det i staden tilrettelagt for å oppleve verdifull natur, blant anna for å auka oppslutninga om å ta vare på naturen.

Under ei synfaring i 2008 vart det frå grunneigarhald ymta fram på ønske om tilrettelagt tursti og eit fugletårn. Området kunne nyttast i skuleundervisning, var tanken. Det vart det aldri noko av, men Betten utelukkar ikkje at eit fugletårn kan verte aktuelt – då truleg ved grensa, ikkje innanfor.

Alt er opptatt

Betten med sitt falkeblikk ser storspova med sine tannpirkar-tynne bein.

Og vi får telt talet på hegrer: seks. Ikkje langt unna ligg det som truleg er ein fiskemåke og rugar på eit reir ved vatnet.

Minst 38 ulike fugleartar er observert i reservatet. Generelt er mykje fugl på eit lite område.

– Det seier noko om den høge kvaliteten på området, meiner Betten.

Mange fugleartar har generelt hatt sterk tilbakegang dei siste tiåra. Ein av artane han hadde blitt glad for å få sjå i reservatet, er vipa.

– Den har vore her før.

Betten fortel at fuglane treng dei områda dei kan få:

– Alt er opptatt, ingenting er ledig.

TARJEI ENGESET OFSTAD

tarjei.engeset.ofstad@smp.no